

LUSTER KOMMUNE
Rådhuset

6868 GAUPNE
Norge

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 07/01097-43

08.10.2018

Ark.: 326.12

Oppstart av namnesak 2018/357 – Bergaskreda mfl. i Luster kommune

Kartverket reiser med dette namnesak for namna *Bergaskreda*, *Merkjeskreda*, *Svori* og *Råum*. Namnesaka vert reist for å få avklart rett skrivemåte i offentleg bruk i samband med formalisering av namnet på nokre avleide tunnelnamn. Kartverket nyttar samstundes høvet til å reise namnesak for nokre andre namn i Luster kommune, mellom anna namnet på ein del fjelltoppar.

Kartverket sender med dette saka ut på lokal høyring i kommunen, jf. § 6 i lov om stadnamn.
Me bed Lom og Årdal kommune, som får kopi av dette brevet, om å gje høyringsfråsegn på namna som ligg heilt eller delvis i Lom og Årdal.

Det går fram av den vedlagde lista bak i brevet kva namn som er med i saka.

For meir informasjon om namna, sjå innsynsløysinga vår for Sentralt stadnamnregister (SSR): www.norgeskart.no/ssr. Somme bruksnamn står berre i matrikkelen, og dei kan søkjast opp på www.seeiendom.no (søk på: gnr/bnr, namnet på kommunen).

Lokal høyring

Det er Kartverket som har vedtaksrett for skrivemåten av tradisjonelle gards- og bruksnamn og for naturnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigargar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har serleg tilknytning til. Vedtak for gardsnamn er etter hovudregelen retningssgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, og for bruksnamn der gardsnamnet inngår som en del av namnet, jf. § 8 i lov om stadnamn. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigaren eller festaren få tilsende direkte av kommunen.** Det går fram av den vedlagde lista kva bruk dette dreiar seg om.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namn på eige bruk dersom han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Det er framleis Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek for det objektet namnet opphavleg vart brukt om, kan han/ho senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon.

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 i lov om stadnamn er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. I rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen skal normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 andre ledd. Kommunen må difor setja ev. pågåande saker som gjeld avleidde adressenamn og adressetilleggsnamn som kan påverkast av denne saka på vent til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna, og ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak om avleidde namn.

Det er kommunen som har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, og for å innhenta og samordna dei lokale høyringsfråsegnene. Dei skal sendast til *Stadnamntenesta på Vestlandet, Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 Oslo* (post@sprakradet.no), med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil so gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er 2 månader frå dei får dette brevet.

Venleg helsing

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi LOM KOMMUNE
 Stadnamntenesta på Vestlandet
 Sogn og Fjordane fylkeskommune
 ÅRDAL KOMMUNE
 Statens vegvesen Bergen Distrikt
 Glittertind Forlag AS



Kartverket

Oppslagsnr.	Skrivemåte	Namneobjekttype	Merknad
433993/1	<i>Austanbotn / Austanbotnen</i>	Botn	Ligg i Årdal kommune
857988/1	<i>Austanbottselvi / Austanbotnelvi</i>	Elv	Ligg i Årdal kommune
493514/1	<i>Austanbottsvatnet / Austanbotnvatnet</i>	Tjern	Ligg i Årdal kommune
736495/1	<i>Austanbottstindane / Austanbotntindane</i>	Fjell	Ligg både i Luster og Årdal kommune
390754/1	<i>Vestre Austanbottstind / Vestre Austanbottstinden</i>	Topp	
694810/1	<i>Midtre Austanbottstind / Midtre Austanbottstinden / Vestre Austanbottstinden / Vestraste Austanbottstinden</i>	Topp	
694772/1	<i>Store Austanbottstind / Store Austanbottstinden</i>	Topp	Ligg både i Luster og Årdal kommune
572826/1	<i>Søre Austanbottstind / Søre Austanbottstinden</i>	Topp	Ligg i Årdal kommune
796518/1	<i>Vetle Austanbotnen / Vetle-Austanbotnen</i>	Botn	Ligg i Årdal kommune
987027/1	<i>Bergaskreda</i>	Skredområde	
987028/1	<i>Bergaskredtunnelen</i>	Tunnel	Fylkeskommunen er vedtaksmynde
874901/1	<i>Bergabukti</i>	Vik	
570907/1	<i>Broke / Broket</i>	Berg	
796658/1	<i>Dyrhaug</i>	Haug	
738532/1	<i>Dyrhaug</i>	Haug	
799310/1	<i>Dyrhaugen</i>	Haug	Ligg både i Luster og Lom kommune
735561/1	<i>Øvre Dyrhaug</i>	Berg	
675600/1	<i>Nedre Dyrhaug</i>	Berg	
60238/1	<i>Dyrhaugstindane</i>	Fjell	
68546/2	<i>Søre Dyrhaugstinden / Søre Dyrhaugstind</i>	Topp	Ligg både i Luster og Årdal kommune
614561/1	<i>Store Dyrhaugstinden / Store Dyrhaugstind</i>	Topp	
987419/1	<i>Nordre Dyrhaugstinden / Nordre Dyrhaugstind</i>	Topp	
492519/1	<i>Dyrhaugsryggen</i>	Rygg	
738304/1	<i>Dyrhaugsvatnet</i>	Tjern	
192319/1	<i>Dyrhaugslogan</i>	Ås	Ligg både i Luster og Lom kommune
614595/1	<i>Dyrhaugsslanen</i>	Stup	
857570/1	<i>Gjertvatnet / Jervvatnet</i>	Tjern	
208535/1	<i>Gjertvasstind / Gjertvasstinden / Jervvasstind</i>	Topp	
147529/1	<i>Gjertvassbreen / Jervvassbreen</i>	Isbre	
614569/1	<i>Gjertvassdalen / / Jervvassdalen</i>	Dal	
693572/1	<i>Gjertvasselvi / Jervvasselvi</i>	Elv	

614553/1	<i>Gjertvasshaugen / Jervvasshaugen</i>	Berg	
68572/1	<i>Gjertvasslii / Jervvasslii</i>	Li	
450564/1	<i>Gjertvassbøen / Jervvassbøen</i>	Eiendom	
495733/1	<i>Grønskreda / Grøneskreda</i>	Skar	Er Grøneskreda namn på dalen, eller heiter dalen Vetledalen?
754967/1	<i>Grøneskredhilleren</i>	Heller	
675760/1	<i>Grønskredfjellet</i>	Ås	
814660/1	<i>Hellegården / Hellegard / Hellegarden</i>	Gard 207	
	<i>Hellegården</i>	Bruk 207/1	
	<i>Hellegården</i>	Bruk 207/2	
979097/1	<i>Leirhola / Leirholen / Nøstdal</i>	Gard 105	
	<i>Leirholen</i>	Bruk 105/1	
816866/1	<i>Merkjeskreda / Merkeskreda / Merkeskreda</i>	Dal	
987029/1	<i>Merkeskredtunnelen / Merkeskredatunnelen / Merkeskredtunnelen</i>	Tunnel	Fylkeskommunen er vedtaksmynde
7524/1	<i>Ringsbotn / Ringsbotnen</i>	Botn	
311549/1	<i>Ringsbreen</i>	Isbre	
470247/1	<i>Rings / Rings-brui</i>	Bru	Fylkeskommunen er vedtaksmynde
120229/1	<i>Ringsdalen (Foreslått)</i>	Dal	
329506/1	<i>Ringselvi</i>	Elv	
311606/1	<i>Ringselvi (Godkjent)</i>	Elv	
433563/1	<i>Ringsnonhaugen</i>	Haug	
554621/1	<i>Ringstølen (Godkjent)</i>	Seter/støl	
269816/1	<i>Ringstindane</i>	Fjell	Ligg både i Luster og Årdal kommune
432486/1	<i>Austre Ringstind / Østre Ringstindane / Austre Ringstinden</i>	Topp	Ligg både i Luster og Årdal kommune
918573/1	<i>Store Ringstind / Store Ringstindane / Store Ringstiden</i>	Topp	
857519/1	<i>Midtre Ringstind / Midtre Ringstindane / Midtre Ringstiden</i>	Topp	Ligg både i Luster og Årdal kommune
796495/1	<i>Ringsskar / Ringskard / Ringsskaret</i>	Skar	
433025/1	<i>Råum / Røym / Råane</i>	Gard 73	
	<i>Råum</i>	Bruk 73/1,2,3 og 4	
954759/1	<i>Råum / Råatunnelen</i>	Tunnel	Fylkeskommunen er vedtaksmynde

512529/1	<i>Råumsane</i>	Haug	
390510/1	<i>Råumsli</i>	Li	
858047/1	<i>Råaberget</i>	Berg	
844649/1	<i>Råabukti</i>	Vik i sjø	
432538/1	<i>Sentraltind</i>	Topp	
492522/1	<i>Soleibotn / Soleibotnen</i>	Botn	
68568/1	<i>Soleibotnane / Soleibotnene</i>	Botn	
616531/1	<i>Soleibotnane</i>	Botn	
311676/1	<i>Soleibotnen</i>	Botn	
754917/1	<i>Soleiebotn</i>	Botn	
250506/1	<i>Soleibotntindane</i>	Fjell	
985683/1	<i>Store Soleibotntinden</i>	Topp	
987420/1	<i>Nordre Soleibotntinden</i>	Topp	
987421/1	<i>Søre Soleibotntinden</i>	Topp	
450090/1	<i>Soleisvaet</i>	Haug	
556438/1	<i>Skagen</i>	Gard 9	
	<i>Skagen</i>	Bruk 9/1 og 2	
	<i>Skagastølen</i>	Bruk 9/15	
	<i>Øvre Skagen</i>	Bruk 9/19	
585714/2	<i>Skagastølen</i>	Seter/støl	
167270/1	<i>Skagen / Skagabru</i>	Bru	Fylkeskommunen er vedtaksmynde
531275/1	<i>Lille Skagen / Vetle Skagabru</i>	Bru	Fylkeskommunen er vedtaksmynde
	<i>Skagastol / Skagastølsbrui</i>	Bru	Fylkeskommunen er vedtaksmynde
987417/1	<i>Skagastølsnebbet</i>	Topp	
128519/1	<i>Heimste Skagastølsvatnet / Heimste Skarstølsvatnet / Heimste Skardstølsvatnet</i>	Tjern	
450025/2	<i>Midtre Skagastølstindane / Midtre Skarstølstindane / Midtre Skardstølstindane / Midtre Skagastølstind / Midtre Skagastølstinden</i>	Topp	
25033/2	<i>Nordre Skagastølstindane / Nordre Skarstølstindane / Nordre Skardstølstindane / Nordre Skagastølstind / Nordre Skagastølstinden</i>	Topp	
614550/1	<i>Skagastølsbotn / Skarstølsbotn / Skardstølsbotn / Skagastølsbotnen</i>	Botn	

614560/1	<i>Skagastølsbreen / Skarstølsbreen / Skardstølsbreen</i>	Isbre	
432512/1	<i>Skagastølsdalen / Skarstølsdalen / Skardstølsdalen</i>	Dal	
372584/2	<i>Skagastølsknubben / Skarstølsknubben / Skardstølsknubben</i>	Berg	
917513/2	<i>Skagastølstindane / Skarstølstindane / Skardstølstindane</i>	Fjell	
432509/1	<i>Skagastølsvatnet / Fremste Skarstølsvatnet / Fremste Skardstølsvatnet</i>	Vann	
311589/1	<i>Storen / Store Skagastølstind / Store Skagastølstinden</i>	Fjell	Ligg både i Luster og Årdal kommune
553531/1	<i>Vetle Skagastølstindane / Vetle Skarstølstindane / Vetle Skagastølstind / Vetle Skagastølstinden</i>	Topp	
250083/1	<i>Svori</i>	Bekk	
987030/1	<i>Svoratunnelen / Svoritunnelen</i>	Tunnel	
7089/1	<i>Svoranovi</i>	Haug	
617660/1	<i>Svoragrovi</i>	Bekk	
987194/1	<i>Svoragjelet</i>	Juv	